

Jan Nordø
Hoplandssjøen 74
5943 Austrheim

Dykkar ref.:

Vår ref.:
23/228 - 4 / ANT

Dato:
12.05.2023

Svar på førespurnad om innsyn i landbruksvegsak frå Naturvernforbundet

Austrheim kommune viser til dykkar skriv om innsyn i landbruksveg datert den 11. mai 2023:



Naturvernforbundet
Nordhordland

Hoplandssjøen 74
5943 Austrheim

11. mai 2023

Austrheim kommune
Sætremarka 2
5943 Austrheim

Oppfølging etter synfaring i Heiane 10.05.23

Etter synfaringa med Statsforvaltaren, Austrheim kommune, Landbrukskontoret og tiltakshavar i Heiane 10.05.23 ønsker Naturvernforbundet Nordhordland få oversendt følgjande:

1. Fullstendig søknad om forlenging av landbruksveg i Nordmarka.
2. Fullstendig søknad om bakkeplanering på gbnr. 156/17 m.fl..
3. Prøvetakingsresultat av massane ved Leirvågkrysset i tråd med krav frå Austrheim kommune i løyvet til bakkeplanering 06.03.23. Prøvestadane må kartfestast.

For øvrig vil Naturvernforbundet Nordhordland be om å bli fast høyringspart i alle større landbrukssaker, m.a. saker som gjeld landbruksvegar og bakkeplanering. Stoda slik ho er no der vi sjølv må leita opp søknader og løyve, er uholdbar og fører til at vi ofte kjem for seint inn i saker som kan ha store konsekvensar for naturmiljøet.

Jan Nordø
leiar



Sætremarka 2
5943 AUSTRHEIM
austrheim.kommune.no



56 16 20 00
post@austrheim.kommune.no



Føretaksreg.: 948350823
Bankkonto: 1594.11.80407

Her kjem det i vedlegg fullstendig søknad om forlenging av landbruksvegen her. Eg viser og til søknad/tema om stikkrenne, og opplysningar knytt til dette i tidlegare skriv sendt ut i dag til deg om bakkeplaneringssøknaden. Den har du no fått.

Det er naturleg å senda landbrukssaker til høyring til dykk i saker som vedkjem natur, klima og biologisk mangfald. Alver landbrukskontor handterer slike saker og vurderer dette etter forvaltingslova og anna lovverk.

Prøvetakingsresultat av massane kjenner Austrheim kommune ikkje til. Om det vert tilkøyrd massar frå Storemyra (i Alver kommune) og det er/vert teke prøver der, så kan me ettersenda desse når den tid kjem. Det er heller ikkje avgjort enno etter våre opplysingar kven som får dette anbudet.

Takk elles for hyggeleg og oppklarande synfaring.

Austrheim kommune tek eller innhaldet dykkar til orientering. Kopi går til søkjar og sakshandsamar på landbrukskontoret. Om det føreligg informasjon som eg ikkje har i saka så kan dei sende dette til deg.

Med helsing

Asbjørn Nagell Toft
avdelingsleiar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ingen signatur

Vedlegg:

Oversending av søknad om forlenging av landbruksveg - gbnr 15612 og 31 - Nordmarka
Søknad om forlenging av landbruksveg - frå 156/82 over gbnr 156/12 og 31 - Nordmarka - Austrheim
Nabovarsel
Kvittering for nabovarsel
Kart
Bilete
Vedlegg til søknad
Samtykke

Kopi til:

Alver kommune	Postboks 4	5906	FREKHAUG
Odd Håkon Haugen	Hoplandssjøen 59	5943	Austrheim

Mottakere:

Jan Nordø	Hoplandssjøen 74	5943	Austrheim
-----------	------------------	------	-----------